

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	04.11.2009	120/09	ANT

<b>Avgjerslemynde:</b> HPLT	<b>Arkiv:</b> K1-242	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Sakshandsamar:</b> Asbjørn Nagell Toft	<b>Objekt:</b>	09/599

## SØKNAD OM MIDLAR FRÅ KOMMUNALE VILTFOND 2009 TIL JULETREPRODUKSJON

### Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	21.04.2009	BioForsk Vest	Søknad om økonomisk stønad frå viltfondet
2	I	28.05.2009	Pål B.Kolås	Søknad om stønad til gjerde

### Vedlegg i saka:

Søknad med kart over omsøkte tiltak på Gjerde.

### Saksutgreiing:

Det er kome inn søknad om økonomisk støtte til oppsetting av hjortegjerde rundt areal som vert nytta til juletreproduksjon. Garden på Gjerde opplyser om at dei er plaga av at hjorten et opp juletreplantane deira. Dei skriv at juletreproduksjon er ein del av deira landbruksnæring. Arealet som skal gjerast inn er på om lag 3 dekar. Totalt må det setjast opp om lag 240 meter med gjerde til ein estimert kostnad på kr. 28.800. Arealet er mellom riksveg 565 og Gjerdevatnet.

Søknaden om støtte til å hindra hjorteskade på landbruksnæring og juletreproduksjon er i tråd med Direktoratet for Naturforvaltning (DN) sin føreskrift om kommunale viltfond (FOR 2001 nr. 520). I § 4 her står det at fondet kan brukast til m.a. tiltak for å førebyggje skadar som hjorteviltet gjer på landbruksnæring. Søknaden er og i samsvar med punkt. 5 i den komunale retningslinja for viltfondet i Radøy kommune, godkjent av kommunestyret i Radøy 17. september 2009. I denne gjerdesaka vil ein heller ikkje overføra problema med meir hjorteskade på andre gardbrukarar, som det til dømes hadde vore, viss det for eksempel hadde vore tala om å gjerda inn ei eng. Viltforvaltinga ser at det er vanskeleg å uråd å hindra hjorteskade på slik juletreproduksjon her, utan eit godt hjortegjerde. Edelgran som for det meste vert nytta til juletreproduksjon i dag, er det umogeleg å få opp i salskvalitet, viss berre ein hjort kjem hit ei natt. Den eine hjorten kan i verste fall øydeleggja eit slikt felt på ei natt.

Saka vart diskutert i underutvalet for vilt- og innlandsfiske den 19.juni 2009. Underutvalet tilrådde at ein i slike saker løyvde 25% i tilskot. Argumentet deira var at tilskotet skulle vera ein stimulans for brukar, men og fungera slik at det er berre dei som har skikkelege økonomiske motiv som vil søkje og gjennomføre slike viltgjerdetiltak. Administrasjonen synes sidan underutvalet har diskutert dette at det her er naturleg at det vert gjeve 25% tilskot til omsøkt tiltak, dvs. kr. 7.200. Utbetalinga vert gjort når arbeidet er ferdiggjort og godkjent

av Radøy kommune. Pr. dags dato står det om lag kr. 244.000 på Radøy kommune sine viltfondsmidler. Dette er midlar som kjem inn gjennom fellingsavgifta på hjort.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune løyver kr. 7.200 til omsøkte tiltak frå Viltfondsmidlane i Radøy kommune. Det er eit vilkår at gjerde vert sett opp som omsøkt på vedlagt kart. Arbeidet må gjerast ferdig innan år 2010. Viser elles til saksutgreiinga over.

#### **04.11.2009 HOVUDUTVAL FOR PLAN, LANDBRUK OG TEKNISK**

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak, med eit tilleggspunkt frå Audun SyltaH)..

- Det må leggjast fram næringsoppgåve som dokumenterer inntekt/utgift frå næringa før tilskot vert utbetalt.

#### **PLT-120/09 VEDTAK:**

Radøy kommune løyver kr. 7.200 til omsøkte tiltak frå Viltfondsmidlane i Radøy kommune. Det er eit vilkår at gjerde vert sett opp som omsøkt på vedlagt kart. Arbeidet må gjerast ferdig innan år 2010. Viser elles til saksutgreiinga over.

- Det må leggjast fram næringsoppgåve som dokumenterer inntekt/utgift frå næringa før tilskot vert utbetalt.